



Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS
Ikenberget 12, Postboks 12
5907 ALVERSUND

Dato: 08.12.2014
Vår ref.: 2014/23586-5
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Hellesneset, Hjelmås - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 11. november 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Hellesneset. Hovudføremålet med reguleringa er næring og utviding av kaiområde. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsverksemeld, bustad og LNF-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi legge særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Strandsone
- Universell utforming

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Vi har såleis ikkje vesentlege merknader til planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminne.

Då planen omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner

ikkje til marine kulturminne i området og har ikkje innvendingar til planen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på Areal- og transport, Arkitektur og estetikk, Barn og unges interesser, Friluftsliv, Folkehelse, Landskap, Kulturminne, Næringsutvikling, Samferdsel, Strandsone og Universell utforming.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune

Statens vegvesen - Region Vest